



Kulturdepartementet, kirkeavdelingen
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Balestrand, 30.09.2014
Vår sakshandsamar: Jostein Risa
Vår ref.: 14/00009-005
Arkivkode: 501
Gradering: I

Høyringsfråsegn - NOU 2014: 2 Lik og likskap

Høyringsfråsegna frå Balestrand sokneråd vart samrøystes vedteken i møtet 24.09.2014, sak 026/14. Før endeleg vedtak hadde soknerådet i juni informert innbyggjarane om innhaldet i NOU 2014:2 gjennom kyrkjelydsbladet og opna for innspel. **Vedtak:**

NOU 2014:2 Lik og likskap - Betaling for kremasjon, gravlegging og grav

Høyringsfråsegn frå Balestrand sokneråd (eittsoknskommune)

Balestrand sokneråd har som einaste sokneråd i ein eittsoknskommune fellesrådsfunksjon og er lokal gravferdsforvaltning i Balestrand kommune. Rådet legg her fram sitt syn på dei fem hovudframlegga til utvalet og dei økonomiske konsekvensane av desse.

1. Kistegravlegging og kremasjon vert likestilte økonomisk og juridisk som gravferdsform
Dette framlegget medfører Balestrand sokneråd som lokal dekkar transportkostnadene til næraste krematorium (Odda eller Bergen) direkte i staden for at dette går gjennom NAV/etterletne. Spørsmålet er om Balestrand sokneråd vil sjå att desse midlane i eit auka rammetilskot frå staten til kommunen.

2. Kommunane skal være pliktige til å ta i mot utanbygds gravlegging
Balestrand sokneråd ser ikkje noka ulempe med denne ordninga så lenge det er ledig kapasitet på kyrkjegardane.

3. Endring av avgifta for feste av grav (leige av grav) slik at alle innbyggjarar vert handsama likt
Festeavgift frå fyrste dag ved grav attmed ektefelle er ei ordning som har eksistert sidan 1970 i Balestrand og er forankra i gravferdslov og -forskrift. Det er likevel fleire som har reagert på dette dei siste åra gjennom brev og telefonar, både i Balestrand og nabokommunar. Slik sett er endringsframlegget i tråd med mange si oppfatning: Alle bør ha rett på fri grav uansett om grava er peika ut av gravferdsforvaltninga eller om ho ligg attmed ein familiemedlem.

I Balestrand er fredingstida 30 år som er knytt opp mot 30 betalingsfrie år for ei fri grav. For ei dobbeltgrav der den eine er fri og den andre er festa vil gravferdsforvaltninga etter noverande ordning ha ei inntekt på totalt 30 år x gjeldande festeavgift for festegrava attmed den frie grava. Dersom dei nye reglane skulle verte innførte ville det verte 20 år med betalingsfri for bae gravene og så 10 år med betaling for bae graver, dvs. ei inntekt for fellesrådet på totalt 20 år x gjeldande festeavgift.

Balestrand sokneråd ville dermed ha eit inntektsbortfall på totalt 10 år x gjeldande festeavgift per dobbeltgrav (og per utanbygds grav) dei fyrste 30 åra. Soknerådet tvilar på at dette inntektsbortfallet vil verte kompensert i praksis.

4. Tiltak for å få betre statistikk og meir forskning på gravferdsområdet

Balestrand sokneråd har ingen innvendingar til framlegga i dette punktet.

5. Endringar i forvaltningsoppgåver

Balestrand sokneråd ser ingen grunnar til at forvaltningsoppgåver skal flyttast frå bispedømerådet til fylkesmannen. Vi har gode erfaringar med Bjørgvin bispedømeråd som forvaltningsnivå med kunnskapsrike og kompetente tilsette som opptrer upartisk og profesjonelt.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Frå Balestrand sokneråd (gravplassforvaltninga) sin synsstad er hovudutfordringa ved utgreiinga at den eine løysinga som skal kompensere bortfall av inntekter, er auka rammeoverføringar til kommunane. Balestrand sokneråd kan ikkje tilrå ei slik løysing. Overføringar via auke av rammeoverføringar frå staten har generelt ein tendens til å «forsvinne» og øyremerking vert ikkje nytta av di det er i strid med det kommunale sjølvstyret.

Konklusjon frå Balestrand sokneråd

Utvalet som står bak den offentlege utgreiinga har gjort ein grundig og god jobb med å kartlegge dagens situasjon, trekke ut prinsipp og ikkje minst å forbetre og forenkle omgrep og terminologi. Fleire av framlegga verkar fornuftige sett frå innbyggjarane sin synsstad, men frå gravplassforvaltninga sin synsstad er det eit problem at utgreiinga legg til grunn at det er auka rammeoverføringar til kommunane som skal kompensere bortfall av inntekter. Dette inntektsbortfallet vil slå attende på innbyggjarane, t.d. i form av redusert vedlikehald av kyrkjegardane eller auka gravleige.

med helsing



Jostein Risa

kyrkjeverje / dagleg leiar